



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9521 - 22/48485

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
22.06.2022

Løyve til oppføring av garasje/bod - gbnr 37/52 Myking

Administrativt vedtak: Saknr: 708/22
Tiltakshavar: Jan-Sølve Fimland
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for oppføring av tilbygg til einebustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket vert godkjent som gjort greie for i søknad motteken 11.11.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om legalisering av tiltak i form av dobbelgarasje og vedbod etablert allereie i 1989. Tiltaket har eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere 69 m² og bygd areal (BYA) 76,2 m². Utnyttingsgrad er berekna til 20,5% BYA og sum BRA er oppgitt til 361 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 11.1.2021 og puring 29.04.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.11.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2019 – 2031 er definert til bustadføremål.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA og sum bruksareal (BRA) er maks 400m².

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Tiltaket og plassering av tiltaket er vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad.

Ved sal av eigedommen i 2014 ble det foretatt ei grensejustering slik at tiltaket kom til å stå innanfor tomtegrensene på gbnr 37/52.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

Det er opplyst å vera oppstillingsplass for 2 bilar på eigedommen.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal vera i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Plassering

Tiltaket er godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentlig veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket er oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9521

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aage Didrik Osdal Solheim Trosteveien 7 5097 Bergen

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson Kvalen 16 5955 LINDÅS
Jan-Sølve Fimland Hellebrekkene 5957 MYKING
14